



Stein Erik med damo si i dobbelt forstand. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette teiknar til å bli ei god helg for båthamnane i Uskedalen. Til dømes var det 19 båtar på Øyro Marina i natt og det er sjølv sagt årsrekord så langt,

Dei fleste kjem frå Bergen og Os, men det er også hardingar på besøk, til dømes frå Norheimsund.

Derifrå kjem Marit Kristiansen og Stein Erik Hansen (opprinneleg bergensar). Dei er svært trufaste gjester i Uskedalen og er innom oss 4-5 gonger gjennom sesongen. Grunnene til at dei kjem er fleire. Ein av dei er butikken, som dei bruker uttrykk 'tipp topp' for å beskriva.

Ein annan grunn er mogelegheitene for å setta garn. Seinast i dag fekk dei ein piggvar og dermed er laurdagsmiddagen sikra! At det skjer mykje i Uskedalen og Rosendal er også ien plussfaktor for paret, som opplevde Vassendgutane på Dønhaug sist natt. Men dei saknar bryggjedansen!

Norheimsund-paret vekkjer elles oppsikt med namnet på den staselege båten sin, ein 42 fots Azimut produsert i 2002. Den heiter 'Damo mi' og damo er sjølv sagt Marit.- Den førre båten heitte Marito, som er Osdialekt og då var det naturleg med 'Damo mi' på den neste, seier Stein Erik.

Av Ola Matti Mathisen